



Arkivsaknr: 2025/2433-4
Sakshandsamar: Andris Hamre
Avdeling: Kommunedirektør

SAKSFRAMLEGG

Uttale frå Alver kommune om etablering av Myking friskule

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Etablering av Myking friskule vil gje negative konsekvensar for det offentlege skuletilbodet i Alver kommune.

Alver kommune har ikkje eit økonomisk handlingsrom som gir rom for oppretting av ein ny privatskule.

Saksframlegget, som heilheit, blir sendt Utdanningsdirektoratet som uttale.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Utval for Levekår

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saksopplysningar

Utdanningsdirektoratet (UDIR) har i brev datert 21. februar 2025 oppmoda Alver kommune om å gje ei uttale til Myking friskule sin søknad om godkjenning av privatskule, jamfør privatskulelova § 2-1.

Grunnlaget for søknaden er ønske om etablere ein kristen grunnskule med 84 elevplassar på 1.-7. trinn. Ønska oppstart er hausten 2026.

Det er UDIR som skal ta stilling til søknaden etter ei skjønsmessig vurdering. I den skjønsmessige vurderinga skal det mellom anna leggst vesentleg vekt på kva konsekvensar ei godkjenning vil få for det offentlege skuletilbodet. Ved denne vurdering skal det leggst

vesentleg vekt på uttalen frå vertskommunen. Ein skule skal ikkje få godkjenning om etableringa medfører negative konsekvensar for det offentlege skuletilbodet.

I si vurdering vil UDIR blant anna vektlegge følgjande moment:

- Endring av skulestruktur
- Budsjettmessige konsekvensar
- Skulefaglege omsyn
- Behovet for skulen

Uttalen frå Alver kommune følgjer difor langt på veg same struktur.

Uttale frå Alver kommune:

Endring i skulestruktur

Alver kommunestyret vedtok i sak PS 108/2024 den 24.10.24 og stadfesta på nytt i kommunestyremøte 28.11.24, sak PS 126/2024 Barnehage og skulebruksplan for Alver kommune.

Som følgje av behandlinga i kommunestyret blei det vedtatt å legge ned skulane Austebygd, Kløvheim og Myking. Slik Alver kommune forstår det kjem søknaden om etablering av privatskulen Myking friskule som ein direkte følgje av vedtaket knytt til Barnehage og skulebruksplanen og nedlegginga av den offentlege skulen på Myking.

Bakgrunnen for at Alver kommune mellom anna såg på barnehage- og skulestrukturen var ein budsjettmessig ubalanse på omlag 180 millionar kroner ved inngangen til 2024. Kommunedirektøren la i saka opp til at kommunen skulle spare 27,1 millionar kroner (heilårseffekt) som følgje av endring i skulestrukturen, kor flytting av elevane frå Myking skule til Lindås barneskule aleine utgjorde 5,9 millionar kroner.

Elevgrunnlag/folketalsutvikling

For å gje eit heilskapleg bilete ønskjer Alver kommune innleiingsvis å gje eit bilete av skulestrukturen etter vedtaket, elevtal og kapasitet i dei skulane som skal driftast vidare frå hausten 2025. I tillegg har, og er, venta folketalsutvikling eit viktig grunnlag for å vurdere behovet i framtida.

Alver kommune vil frå hausten 2025 ha 13 offentlege barneskular, 5 offentlege ungdomsskular. Og ein 1-10 offentleg skule. I tillegg er det 3 private skular i kommunen. Desse er Nordhordland Kristne Grunnskule (barne- og ungdomsskule) i Alversund, Danielsen Ungdomsskule på Frekhaug og Skodvin Montessori skule på Hundvin.

Kapasitet og elevtal

Kolonne for kapasitet viser tal elevar skulen er godkjent for.

Skule	Driftsform	Kapasitet	Elevtal 2024/25
Alversund skule	Offentleg	450	318
Eikanger skule	Offentleg	100	77
Grasdal skule	Offentleg	188	130

Hordabø skule	Offentleg	140	108
Knarvik barneskule	Offentleg	450	227
Leiknes skule	Offentleg	250-300	178
Lindås barneskule	Offentleg	360	208
Manger skule	Offentleg	200	190
Ostereidet barneskule	Offentleg	175	82
Rosslund skule (1 – 10)	Offentleg	350	218
Sæbø skule	Offentleg	200	92
Sagstad skule	Offentleg	550	470
Seim skule	Offentleg	140	144
Vestbygd skule	Offentleg	270	122
Barneskular vedtatt lagt ned (Austebygd, Myking, Kløvheim)			111
Knarvik ungdomsskule	Offentleg	350	391
Lindås ungdomsskule	Offentleg	160	156
Meland ungdomsskule	Offentleg	234	167
Ostereidet ungdomsskule	Offentleg	150	93
Radøy Ungdomsskule	Offentleg	235	173
Sum offentlege barneskular		3 823 - 3 873	2675
Sum offentlege ungdomsskular		1 129	980
Total offentlege grunnskular		4 952 - 5 002	3655
Nordhordland kristne grunnskule (1-10)	Privat	106	99 (Alver)
Danielsen ungdomsskule (8-10)	Privat	180	159 (Alver)
Skodvin Montessoriskule (1-7)	Privat	Godkjent for 100. Plass til 70*.	66 (Alver)


Tabell 1: Alver kommune hadde i skuleåret 2025/26 ein overkapasitet totalt sett i grunnskulen

** Skodvin Montessoriskule er formelt godkjent for 100 elevar, men vurderer sjølv at dei ikkje har plass til meir enn 70 elevar. Om skulen skulle ønskje å utvida drifta har dei ein godkjent ledig kapasitet på 30 elevar.*

For skuleåret 2024/2025 hadde Austebygd kapasitet til 91-100 og eit elevtal på 36, Kløvheim hadde kapasitet til 84 og eit elevtal på 23, Myking ein kapasitet på 84 og eit elevtal på 52.

Elevane ved desse tre skulane er frå skuleåret 2025/26 i utgangpunktet overført til Hordabø, Leiknes og Lindås skular.

Elevtalsprognosar



Graf 1: Demografisk framskriving for barn 0-15 år for Alver kommune basert på middelalternativet til SSB.

Framskrivingar gjort i «Kunnskapsgrunnlag barne- og elevtal Alver kommune» frå 2022 syner følgande for Myking krins:

2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
87	86	82	82	79	80	79	78

Tabell 2: Framskriving av tal barn i barneskulealder i Myking skulekrins (berekna i 2022)

Alver kommune har lagt prognosane til grunn for arbeidet med skulebruksplanen.

Den samla kapasiteten i den offentlege barneskulen (1.-7. trinn) er frå hausten 2025 på 3823 (3873) elevplassar. Behovet i 2026 er, basert på SSB si befolkningsframskriving, på 2585 elevplassar og synkande ned mot 2259 i 2032. Dette tyder at kommunen samla sett vil gå med ein betydeleg overkapasitet i høve til elevplassar på 1. – 7. trinn på mellom 1238 og 1564 kvart år dei kommande sju åra.

Budsjettmessige/økonomiske konsekvensar

Alver kommune er i ein økonomisk svært pressa situasjon, kor kommunen står i omfattande omstillingsprosjekt for å trekke ned kostnadene. For 2025 er det budsjettert med eit negativt netto driftsresultat på 85,0 millionar kroner som må finansierast av disposisjonsfond. Dette er ikkje berekraftig og ei oppretting av ei ny privatskule i kommunen vil bidra til at ein må ta ytterlegare innsparingar i det offentlege tenestetilbodet.

Berekna konsekvensar

Alver kommune har allereie i dag tre privatskular. Berekningar gjort for 2025 syner at dette gir eit netto trekk i rammetilskotet til kommunen på kr 21 667 000.

Legg vi til grunn at det blir etablert ny privatskule på Myking med 84 elevar (som omsøkt) vil dette basert på berekningane for 2025 gje ein total reduksjon på 32,8 millionar kroner for budsjettåret 2027. Legg vi til grunn eit elevtal tilsvarande dagens elevtal ved Myking skule (52 elevar) vil netto reduksjon i rammetilskotet for 2027 vere kr 28,5 millionar kroner.

Ei etablering av privatskule på Myking vil altså gje ein netto reduksjon i rammetilskotet til Alver kommune i størrelsesorden 6,9 til 11,2 millionar kroner.

Basert på dagens tildelingar vil etablering av Myking friskule ikkje utløyse distriktsskuletilskotet. I dag får Alver kommune tilskot for 22 skular (av 25 offentlege og private skular).

Alver kommune leverer i dag spesialpedagogiske tenester til dei tre privatskulene i kommunen. Basert på rekneskapa frå dei tre siste åra ligg kostnadane til dette mellom 32 252 og 37 281 per elev per år. Legg ein til grunn at behovet for spesialpedagogiske tenester ved Myking Friskule vil vere tilsvarande som for dei andre friskulen og at kostnaden vil vere tilsvarande den lågaste satsen, vil kostnaden for Alver kommune knytt til spesialpedagogikk ved Myking Friskule bli i størrelsesorden 1,6 til 2,7 millionar kroner (52-84 elevar).

Alver kommune tildeler ressursar til dei ulike skulane basert på ein tildelingsnøkkel som mellom anna tek omsyn til elevtal, kompleksitet i elevmassa og størrelsen på klassene for å oppnå ei så rasjonell drift som mogleg basert på tilgjengelege ressursar. Konsekvensen av ei friskule på Myking vil kunne bli at ei slik optimalisering ikkje lar seg gjere i same grad. Nøyaktige konsekvensar er vanskeleg å berekne då tal elevar som ikkje går på kommunen sine skular vil fordele seg ulikt med tanke på kva offentleg skule dei kjem frå. Det vil av den grunn vere usikkert kvar effekten av at elevar søker seg frå offentleg skule til ny privat skule blir størst. I praksis vil etablering av privat skule på Myking bety auka ledig kapasitet ved dei offentlege skulane i Alver. Om kommunen ikkje utfører grep for å rasjonalisere drifta vil dette kunne bety ein meir kostbar skulesektor i Alver.

Ei eventuell oppretting av Myking friskule vil utan tvil avgrense Alver kommune sitt handlingsrom når det gjeld økonomiske prioriteringar og omprioriteringar på skuleområdet og kan i sin ytterste konsekvens tvinge fram ein ytterlegare reduksjon i det offentlege skuletilbodet.

For sektor oppvekst ligg det i økonomiplanen allereie uspesifisert nedtrekk på 21 millionar kroner og demografiltak på 16,6 mill (demografi). I tillegg er det sannsynleg at reduksjonen i rammetilskotet (mellom 6,9 - 11,2 mill) som følgje av oppretting av Myking Friskule blir lagt til sektor oppvekst. Dersom elevane ved Lindås barneskule likevel vel å gå på Myking friskule, så vil dette redusere kommunen sine utgifter til opplæring tilsvarande 3,6

lærarårsverk (om lag 3,5 millionar kroner). Dette tyder at sektoren då vil ha eit samla nedtrekk i størrelsesorden 41 – 45,2 millionar kroner i inneverande økonomiplanperiode.

Kommunedirektøren meiner det difor vil bli behov for å ta opp skulebruksplanen til ny vurdering om ein friskule blir etablert på Myking. Dette vil berøre alle våre krinsar og alle våre tilsette, elevar og føresette, men kommunedirektøren vil særleg vurdere skulane Eikanger, Sæbø og Vestbygd/Rosslund. Dette i tillegg til allereie vedteke moglegeheitsstudier.

Skulefaglege omsyn

I tillegg til det økonomiske aspektet var ein av grunnane for endringane i skulestrukturen i Alver kommune ønskje om å få meir robuste skuler og skulemiljø ved skulane i kommunen.

I saksframlegget til handsaminga av barnehage- og skulebruksplanen, kommunestyret sitt møte 24.10.24, sak PS 108/24, er følgande «barns beste-vurdering» gjort:

Vurderingar i høve til barns beste i ein barnehage- og skulebruksplan må sjåast i eit heilskapleg perspektiv. I struktursaker kan ein ikkje gjere barns beste-vurderingar på individnivå.

Sitat henta frå utkast til barnehage- og skulebruksplanen: «Utdanningsdirektoratet lanserte eit rundskriv den 15. mars 2012 som omhandlar prosedyrar for nedlegging av skular, med mål om å sikre ein einsarta og korrekt handtering av regelverket. Å leggje ned ein skule er ikkje definert som eit enkeltvedtak, og dermed gjeld ikkje reglane i forvaltningslova kapittel IV-VI om saksførebuing, vedtak, klage og omgjering. Likevel blir det stilt krav om at saka må vere forsvarleg utgreidd før ei avgjerd blir teken. I saker om skulenedlegging betyr dette at kommunestyret skal ha god kjennskap til synspunkta til dei som vil bli råka før dei gjer eit vedtak ... Avgjerdar om skulestrukturen ligg innanfor det kommunale sjølvstyret, og desse avgjerdene må byggje på kommunestyret sine økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringar, jamfør Udir-2-2012.»

Kommunestyret får kjennskap til innbyggjarane sine synspunkt gjennom informasjon frå medverknadsprosessar, dialogmøte og innsende høyringsuttalar.

I følgje Norconsult har Barns beste-vurderingar vore den viktigaste premissen for utarbeiding av kriterium. For å konkretisere, viser dei til kriterium og mål for alternativsvurderinga (kapittel 11.4), der nær samtlege område og mål direkte eller indirekte omhandlar barns beste-vurderingar, til dømes:

- *Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar*
- *Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg*
- *Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar*
- *Alternativet tilfredsstiller krav til godt og framtidsretta fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa lek og læring*
- *Alternativet tilfredsstiller krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn*
- *Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar*
- *Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)*

- *Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse*
- *Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap*
- *Alternativet fremjar robuste leiarteam*

Vurdering av behov for skulen

I Alver kommune finst det alt tre private skular. Dette er Nordhordland Kristne Grunnskule (1.-10. trinn) i Alversund, Danielsen Ungdomsskule (8. – 10. trinn) på Frekhaug og Skodvin Montessoriskule (1. – 7. trinn) på Hundvin.

Etter Alver kommune si vurdering er det pedagogiske grunnlaget godt dekkja gjennom to av dei tre eksisterande privatskulane i kommunen. Etter vår vurdering er det difor ikkje grunnlag for å etablere ytterlegare ei skule med eit kristent pedagogisk grunnlag, mellom anna som følgje av redusert elevtal i framtida.

Andre tilhøve

Alver kommune merkar seg at søkaren legg til grunn at dei kan ta i bruk den offentlege skulebygningen på Myking. Dette er det ikkje gjort avtale med kommunen om og vil kunne medføre kostnader for søkar om dei får ein avtale om å overta eigedommen.

I samband med arbeidet med skulebruksplanen blei tilstanden på skulebygga vurdert. For Myking skule blei følgjande oppsummering av funksjonsvurderingane gjort:

«Myking skule er fordelt på 2 bygg; gamleskulen og nyeskulen. I gamleskulen er det rom til 1.-2.klasse, SFO og 2 utdaterte sløydrom. Resten er i nyeskulen. Sjølv om bygningane ligg nær kvarandre, kan ein ikkje gå tørrskodd mellom dei.

Begge bygningane treng oppgradering, men dei er i relativt god stand til å vere så gamle. Ingen av bygga er universelt utforma. Begge manglar heis, sjølv om dei har rom i 3 og 2 etasjar.

Skulen har gode generelle læringsareal med klasserom av varierende storleik og ein foldevegg som kan gjere to mindre rom større ved behov. Det er berre eitt grupperom på skulen, men meir variert møblering i dei store romma kunne ha kompensert og auka fleksibiliteten i bruken av romma.

Garderobe og toalett-tilhøva i gamleskulen er OK. Her er og HCWC. I nyeskulen har elevane garderobeknaggjar i korridor, men det er elevtoalett i begge etasjar.

Spesialromma til skulen er ikkje tilfredsstillande. Skulen har eit kombinert skulekjøken og tekstilrom, to nedslitne sløydrom og ein liten gymnastikksal. Inventar, utstyr og system for lagring i spesialromma er delvis gammalt og utdatert. Skulen har ikkje rom til verken bibliotek, naturfag eller musikk, men nyttar klasseromma. Skulen har ikkje eige rom for elevar med større hjelpebehov.

Personalareala er lite tilfredsstillande. Arbeidsplassane i nyeskulen er små og tronge. På gamleskulen ligg dei på loftet med tilkomst via ei smal trapp. Rektor og merkantil har OK kontor.

Personalrommet er einaste møterom - og det er dårleg lydisolert. Personalgarderobane er tronge. Skulen har ikkje gode rom for hjelpetenestene. Reinhaldsromma i nyeskulen er OK, mens gamleskulen har reinhaldsutstyr i eit ope trapperom. Vaktmeister har ikkje eige rom. Skulen har god lagerplass og tenlege løysingar for varemottak og søppelhandtering. Skulen har eit bra og stort sett oversikteleg uteområde med mykje installasjonar og utstyr. Skulen vert nytta som nærmiljøanlegg både ute og inne.

Trafikksituasjonen utanfor porten inn til skulen sitt område er ikkje god. Fylkesvegen med fartsgrense på 50 km/t ligg rett utanfor og det er ikkje nok plass til parkering for tilsette og sikker avsetting/henting av elevar på rett side av vegen.»

Kommunen har i utgangspunktet rekna med å selge eigedommen og bygningsmassen slik den står på den opne marknaden. Eit overslag over kostnader for å sette bygningane i tilfredsstillande stand viser investeringsbehov på om lag 50 millionar kroner.

Konklusjon

Alver kommune anerkjenner ønsket i lokalsamfunnet om å oppretthalde eit skuletilbod, men kan ikkje tilrå etablering av ei privatskule basert på dei konsekvensane dette får for kommunen sin økonomi, handlingsrom og det offentlege skuletilbodet i Alver.

Om kommunestyret likevel vel å støtte etableringa av Myking friskule, vil det vere behov for å handsame strukturen av barnehage- og skulebruksplanen på nytt i kommunestyret dersom UDIR godkjenner søknaden om oppretting av Myking friskule.

Vedlegg

- 1 Anmodning om uttalelse - Myking friskule - 833967452 - søknad etter privatskoleloven.pdf
- 2 søknad.pdf
- 3 Inntaksreglement Myking Friskule.pdf
- 4 Registerutskrift Myking Friskule.pdf
- 5 VEDTEKTER FOR MYKING FRISKULE.pdf
- 6 Ordensreglement Myking friskule.pdf
- 7 Grunnlag for elevtal ved Myking Friskule.pdf
- 8 Behovet for skulen.docx.pdf
- 9 SPV kontobekreftelse.pdf
- 10 Budsjett Myking Friskule 2026 og 2027.pdf

- 11 Læreplan KRLE - Myking Friskule .docx.pdf
- 12 Overordna del av læreplan_Myking Friskule.pdf